

Referat FAU Bryne skule, 30. august 2021

Tid: Måndag 30. august 2021, kl 19.00-20.00

Stad: Solberg, 2. etasje

Tilstade: Fredrik Undheim, Heidi Barvik, Stig Jespersen, Synnøve Serigstad, Ole Wiig, Sigve Berland og Linn Iren Oppedal

Forfall: Ragnhild Otto

29/21 Planlegging av FAUs årsmøte

Leiar førebur årsmelding, medan kasserar lagar klar årsrekneskapen på førehand. Leiar presenterer dette på årsmøtet, og har ansvar for å senda ut innkallinga.

Årsmøtet blir på Bryne skule 27.september kl 19.30-20.00.

Noverande FAU-medlemmar møter kl.19.00.

«Nye» FAU tek ei møte rett etter årsmøtet, kl. 20.00.

30/21 FAU-medlemmer for skuleåret

Linn Iren Oppedal og Ragnhild Otto går ut av FAU.

Toril Øgreid står på val som 1. trinns representant

Iren Førland står på val som 3. trinns representant.

31/21 Info frå rektor

Skulestarten var nesten som normal (pre korona). Ingen smitte på skulen etter ferien. Skulen har beredskapsplanen klar dersom det blir smitte.

Teikningane for det nye uteområdet er nå klare. Det er planlagt sportsbinge for balleik og fleire leikeapparat. Oppgraderinga vil skje etappevis, og er planlagt heilt ferdig ved skulestart august 2022. Skulen vil òg få nedgravne containere til avfallshandtering.

32/21 «Laget rundt lærer og elev»

Laget er eit tverrfagleg ressurs-team ved skulen. Rektor ynskjer innspel frå FAU om kva laget skal arbeida med.

FAU foreslår at laget kan arbeide med korleis ein får til ein god og sosial måltidssituasjon for elevane.

33/21 Turmat

Nokre foreldre har meldt frå om at dei tykkjer det blir for mykje kjeks/sukker/turmat i løpet av skulekvardagen. Det er ulike meiningar om dette internt i FAU, men alle er samde om at skulen bør ta ein runde på dette i samråd med elevrådet, og at det bør vere lik praksis på dei ulike trinna.

32/21 Eventuelt

Neste FAU-møte blir etter årsmøtet 27. september, kl. 20.00.